

MØTEINNKALLING

Utval: **KOMMUNESTYRET**
Møtestad: **Tingsalen**
Møtedato: **17.06.2010** Tid: **13.00**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
51/10	10/389	Budsjettrammer 2011. Grunnlag for økonomiplan 2011-2014.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Budsjettrammer 2011. Grunnlag for økonomiplan 2011-2014.

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
Arkivsak nr.: 10/389

Arkiv:

Sak nr.:	Utval	Møtedato
90/10	Formannskapet	17.06.2010
51/10	Kommunestyret	17.06.2010

TILRÅDING:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

DOKUMENT:

SAKSUTGREIING:

Innleiing:

Budsjett 2011 og økonomiplan 2011-2014 byggjer på budsjett 2010 (inkl. endring), samt resultatet av tenesteanalysen /OU-prosessen som har vore gjennomført ute i einingane.

Eit overordna innsparingskrav for 2010 og 2011, rekna ut frå budsjett.2009 (inkl. endr), var sett til 10 mill kroner fordelt over to år, 6 mill i 2010 og ytterlegare 4 mill i 2011.

Innsparingskravet på 6 mill ligg i budsjett 2010, medan kravet for år 2011 og vidare i økonomiplanperioden ikkje er innarbeida i rammene.

Fom og med 2011 vil nye kostnadsnøklar verte gjort gjeldande og ikkje før ved framlegging av statbudsjettet til hausten vil ein ha full oversikt over konsekvensane av denne omlegginga. Sidan ein no berre har avgrensa innsikt i dei økonomiske rammer kommunen vil stå overfor i kommande år, har rådmann lagt opp til ei forenkla rammesak.

Det er lagt inn kjende storleikar på inntektssida medan store deler av kostnadssida er vidareført slik det vart budsjettert for 2010.

Budsjettåret 2010 er også vidareført for øk.planperioden 2011-2014.

Driftsoversikten er vidare basert på forslaga frå regjeringa i Kommunep. for 2011, der vekst i frie inntekter til kommunane er angitt til 2,7 mrd .

I denne meldinga er det og lagt fram forslag på endringar i inntektssystem.

Utdrag frå pressemeldinga (innkorta):

Kommuneproposisjonen 2011

Kommunane får auka inntekter neste år

Kommunane får mellom fire og fem milliardar kroner meir i samla inntekter neste år. - Trass i strammare økonomiske tider prioriterer regjeringa meir pengar til kommunane for å sikre gode velferdstenester, seier kommunalminister Liv Signe Navarsete.

Mellom 2,5 og 3,0 milliardar av veksten er frie midlar.

- Det betyr at om lag 80 prosent av kommunane sine inntekter er frie inntekter og berre fire prosent av midlane er øyremerkte.
- Resten av kommunane sine inntekter er eigendelar og gebyr

Litt om det nye inntektssystemet (Henta frå KS)

Kommunane får det meste av sine inntekter frå skattar og rammetilskot frå staten. Rammetilskotet tek omsyn til skilnader i utgiftsbehov og utjamnar delvis skilnader i skatteninntektene. Kompensasjon for ulike utgifter for å tilbu kommunale tenester gjeld utgifter kommunane sjølv ikkje kan påvirke, som for eksempel aldersamansetningen i kommunen.

Regjeringa førlår no å endre kriterie og nøklar for utgiftsbehov. Den nye kostnadsnøkkelen er laga på bakgrunn av faglege berekningar og analysar med utgangspunkt i eit oppdatert datagrunnlag.

Nye kostnadsnøklar er delt opp i delkostnadsnøklar på fylgjande tenesteområde:

- Grunnskule
- Pleie- og omsorg
- Helseteneste
- Barnevern
- Sosialhjelp
- Administrasjon, landbruk og miljø
- Barnehage (ny frå 2011)

Forslag på delkostnadsnøkkel for barnehagesektoren:

Kriterium	Vekt
Barn 3 – 5 år	0,5286
Barn 1 – 2 år utan kontantstøtte	0,3572
Utdanningsnivå	0,1142
Sum	1,0000

Lågare skatteandel

Andel skatteinntekter i samla inntekter til kommunane er føreslått redusert frå 45 prosent til 40 prosent. Det betyr at kommunar som har høge skatteinntekter får behalde ein mindre del av desse inntektene enn tidlegare.

Systemendringa utgjer for Leikanger kommune ein årleg inntektsauke på 2,1 mill kroner. Fyrste års verknad av systemendring samt anslått vekst i frie inntekter, utgjer 2,9 mill kroner.

FRIE INNTEKTER

Generelt

Frie inntekter som skatt og rammetilskot er berekna ut frå prognosemodellen til KS. Modellen er basert på kommuneproposisjon 2011 der verknaden av systemomlegging av inntektssystemet er innarbeida. Innarbeiding av dagens øyremerka tilskot til barnehage er ikkje teke inn i modellen. I 2008 utgjorde tilskotet 9,3 mill kroner.

Heller ikkje omlegging av fordelinga mellom skatt og rammetilskot er innrekna i modellen.

Skatt på inntekt og formue

Skatt på inntekt og formue er berekna til 48,2 mill kroner. Ein auke på 1,8 mill kroner i høve budsjett 2010. Skattenivået ligg då på 92,3% av landsgjennomsnittet. Auke i skatteinntekter vert regulert mot inntektsutjamninga; for 2011 er inntektsutjamninga 60% trekk eller tillegg mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Rammetilskot

Rammetilskotet er utrekna til 38,4 mill. kroner. Av dette er 1,7 mill inntektsutjamning. Endring i høve 2010; 2,1 mill kroner. Avviket høve anslått auke på 2,9 mill kroner, skuldast auke i skattenivået og med det reduksjon i inntektsutjamninga.

Tilskot flyktningar

Ingen endring i høve øk.plan 2010-2013. I budsjett 2011 kr.1,3 mill.

Eigedomsskatt

I økonomiplan for 2010-2013 er det lagt opp til eigedomsskatt på 4,2 mill kroner og nyttar dette som utgangspunkt for 2011. Sjølv om ein framleis ikkje har avslutta klagebehandling og heller ikkje gjennomført eitt år med innkrevjing, kan ein forventa å oppnå dette nivået.

Andre generelle statstilskot(rente- og avdragskompensasjon)

Nyttar rekneskap 2009 som grunnlag. Komepensasjon vert gitt på grunnlag av rentenivå på p.t. lån i Husbanken. Rente- og avdragskomp. eldreomsorg kr.900.000,-. Rentekomp. skule, 6-årstilbodet + skule- og symjeanlegg; kr.580.000,-.

Kalkulatorisk rente / avskrivning

Kalkulatorsik rente vert rekna ut frå 3 års statsobl.rente + 1%. Nyttar rekneskap 2009 som grunnlag. Motpost avskr. kr.1,1 mill. Kalkulatorisk rente kr.0,5mill.

FINANS INNTEKTER OG UTGIFTER

Renteutgifter lån

Har berekna renter med 4 %. Gjennomsnittrente kan bli både høgare og lågare. 4,9 mill kroner.

Avkastning fond

Vanskeleg å anslå korleis verdipapirmarknaden vil utvikle seg det komande året. Leikanger kommune har ca. 24 mill kroner i aksjar og ein må pårekne svingingar i marknaden. Annslår verdiauke på 3 mill kroner for 2011.

For å byggje opp att bufferfond, vert det lagt opp til av heile avkastninga vert avsett til frie fond. Eventuell bruk av avkastning for å saldere budsjett, må då først mot fond, ikkje avkastning.

Avdrag

Held fast på tidlegare avdragsprofil og tilpassar minimumsavdrag etter "forenkla metode". Avdrag 4,5 mill kroner.

DRIFTSUTGIFTER

Innsparing – ou-prosjektet

I økonomiplanen for 2010-2013 var det lagt opp til ei samla innsparing med 6 mill i 2010 og vidare 4 mill i 2011.

I denne prosessen har ein innan tenesteområda for undervisning og pleie og omsorg nytta seg av eksterne konsulenthjelp.

Pleie og omsorg:

Konsulentrapporten syner at ein i 2010 har teke ut det ein kan forventa med omorganisering, gjennomgang av rutinar, endring av turnus mv.

Ved ytterligare kutt i drifta i 2011, må ein i tilfellet sjå på pleiefaktoren, dvs. tal tilsette på den einskilde avdeling, eller å redusere tilbodet. Det vil seie færre senger i drift ved sjukeheimen, eller redusert drift i heimetenestene.

Erfaringane etter gjennomføringane av endringane i 2010, tilseier at det er svært lite å gå på når det gjeld personalressursar. Ein bør vera forsiktig med å redusere pleiefaktoren før ein har hausta erfaring med dei omstillingane som alt er gjennomført. Går ein for langt med å redusere den faste bemanninga, kan dette fort slå tilbake med auka sjukefråvær.

Å redusere talet plassar i sjukeheimen vil vera vanskeleg å gjennomføre i praksis. Siste året har ein hatt overbelegg med 1 til 3 pasientar til ei kvar tid og i gjennomsnitt venteliste på to personar som har trong for sjukeheimplass. Blå avdeling vert i dag brukt aktivt til rehabilitering. Avvikling eller reduksjon av dette tilbodet vil auka presset på heimetenestene.

Undervisning.

Gjennomgangen av drifta ved skulane og konsulentrapporten som vert lagt fram for kommunestyret, syner at det er fleire grep som kan gjerast for å få ein endå berte skule i Leikanger.

Når det gjeld spørsmålet om vidare innsparingar, bør dette i det vesentlege avgrensast til det ein kan ta ut ved endringar i elevtalet. Rapporten peikar mellom anna elles på missforholdet i ressursbruken til spesialundervisning kontra ressursar til deling og allmenn pedagogisk styrking. Eit klart mål må her vera å dreia ressursbruken frå enkeltvedtak over mot ein generell og meir fleksibel bruk av desse ressursane der ein og legg vekt på tidleg innsats. Denne endringa vil ta noko tid, og i omstillingsperioden vil det vera uheldig å tappa skulen for ytterligere ressursar.

Det vert framleis arbeida aktivt ute i tenesteeiningane med å gjennomføre planlagde tiltak.

Lønsvekst:

Kommunal deflator, samansett av lønsvekst og prisvekst, er i kommunep. 2011, berekna til 3,1%.

Lønsveksten for 2010 er då justert ned til 3,25% medan prisveksten er justert noko opp.

Hovedtrekkene i oppgjøret mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane er nyleg avslutta med fylgjande resultat:

- Et generelt tillegg på 2,1 prosent, minimum 7100 kroner
- 1,2 milliarder kroner til lokale forhandlinger med 0,85 prosent fra 1. august 2010 og 0,25 prosent fra 1. januar 2011.
- Oppgjøret har en ramme på om lag 3,4 prosent.

Brukar 3,4% lønsvekst ved berekning av lønsreserven for 2011.

- ca 4. mill på årsbasis (inkl. sos. kostnader) og 3 mill på 8 mnd.

ANDRE FORVENTA KOSTNADER SOM IKKJE ER INNREKNA I GRUNNLAGETBrannvern

I samband med felles brannording med kommunane Balestrand, Vik, Sogndal og Luster, må det påreknast ein auka kostnad på kr.200.000,-. I øk.plan 2010-2013 er det innrekna ein kostnadsauke på 100.000,- fom 2011.

Sidan me nyttar 2010 som grunnlag, er ikkje denne auken innrekna i grunnlaget.

Nytt personal- og økonomisystem - drift

Saman med S og Fj Fylkeskommune og kommunane Balestrand, Luster og Sogndal er det gjort vedtak om val av nytt personal og økonomisystem.

Sjølv om vi har gått i lag med fleire kommunar, vil dette vere eit stort prosjekt for Leikanger kommune. Både i samband med førebuing og gjennomføring vil ein legge beslag på vesentlege ressursar frå økonomiavdellinga. Skal ein kunne gjennomføre eit så stort prosjekt, vil ein trenge ekstra ressursar.

Nytt personal- og økonomisystem - investering

Då det på noverande tidspunkt ikkje føreligg ei total oversikt over investeringskostnaden, vil rådmann kome attende til saka i budsjettarbeidet til hausten.

Tillegssløyving

Driftsoversikten viser eit negativt resultat på 216.000,- . Årsbudsjettet bør setjast opp med ein reserve på tillegssløyving med 500.000,- for å møte uforutsette kostander som alltid vil koma. Rådmann er innstilt på å fremje nærare framlegg om slik avsetjin i samband med budsjett-/økonomiplan til hausten.

Driftoversikt - Budsjetttrammer 2011

<i>(Tal i 1000 kr)</i>	2011	2012	2013	2014
Skatt på inntekt og formue	48 242	48 242	48 242	48 242
Rammetilskot	38 400	38 400	38 400	38 400
Tilskot flyktningar	1 304	800	700	0
Eigedomsskatt	4 200	4 200	4 200	4 200
Rentekompensasjon eldreomsorg	900	850	850	850
Rentekompensasjon skule	580	500	500	500
Avskrivning / kalk.renter	1 600	1 600	1 600	1 600
SUM FRIE INNTEKTER	95 226	94 592	94 492	93 792
Renteinntekter	500	500	500	500
Renteutgifter eksisterande lån	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900
Aksjeutbyte	650	650	650	650
Avkastning fond	3 000	3 000	3 000	3 000
Meklarhonorar	-450	-450	-450	-450
Netto renteutgifter/-inntekter	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Avdragsutgifter eksisterande lån	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500
Netto avdragsutgifter	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-5 700	-5 700	-5 700	-5 700
TIL FORDELING	89 526	88 892	88 792	88 092
<i>Til driftsråmer:</i>				
Sentrale folkevalde organ og revisjon	-2 007	-2 007	-2 007	-2 007
Sentraladministrasjon og styring	-5 353	-5 353	-5 353	-5 353
Fellestenester	-2 576	-2 576	-2 576	-2 576
Undervisning	-20 214	-20 214	-20 214	-20 214
Barnehage	-1 408	-1 408	-1 408	-1 408
Helsetenester	-4 505	-4 505	-4 505	-4 505
Sosial og barnevern, psykiatri	-8 058	-8 058	-8 058	-8 058
Pleie og omsorg	-24 522	-24 522	-24 522	-24 522
Kultur og bibliotek	-1 922	-1 922	-1 922	-1 922
Kulturskulen i Sogn	-855	-855	-855	-855
Byggefórfvaltning	-6 867	-6 867	-6 867	-6 867
Vegar	-1 549	-1 549	-1 549	-1 549
Brannvern	-1 074	-1 174	-1 174	-1 174
Vatn, avløp og Renovasjon (VAR)	0	0	0	0
Miljø, areal og næring	-1 092	-1 042	-1 042	-1 042
Livssyn	-1 440	-1 340	-1 340	-1 340
Lønsreserve	-3 300	-3 300	-3 300	-3 300
Avsett til fond	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Sum driftsutgifter	-89 742	-89 692	-89 692	-89 692
ETTER FORDELING	-216	-800	-900	-1 600
Resultat	-216	-800	-900	-1 600
Bruk av fond	216	800	900	1 600
Balanse	0	0	0	0

Med dei føresetnader som er lagt inn i driftoversikten, må ein for 2011 saldere budsjettet med kr.216.000,- og for heile økonomiplanperioden med kr.3.516.000,-.

Leikanger kommune har dei seinare åra hatt eit driftsnivå som ligg langt høgare enn det løpande inntekter tilseier og rådmann har difor hatt eit sterkt fokus på økonomien. Det siste året er det lagt ned store ressursar i arbeidet med redusere kostnadsnivået i kommunen og ein ser no at dette arbeidet har gitt resultat og det økonomiske biletet har endra seg til det betre. Det kan sjå ut til at ein no har oppnådd rimleg bra kontroll over kostndasnivået, men rådmann ser og at ein må ha med seg dette fokuset inn i neste økonomiplanperiode då ein framleis ikkje har oppnått eit økonomisk resultat som gir rom for friare politisk prioritering.